

**Øystese sokneråd
5610 Øystese
Sakliste, Øystese Sokneråd**

Stad: Øystese bedehus
Dato: **tysdag** 09.04.2024
Tid: kl. 19.00-2100
Soknerådsmøta er opne.

Dato: 09.04.24		
Innkalla : Roar Strømme, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjøn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje		
Ikkje til stades: Gunlaug		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	
INFO	Innkomen post, økonomi, mm	orientering og søknadsprosessen soknepreststilling -søknad frå NØUK - ungdomskoret -konsertserie i juni-august i Øystese kyrkje -status vøling av teppe/løpar i kyrkja
2	Evaluering gudstenester mm	<p>Øystese kyrkje: langfredag. Ikkje så mange til stades.</p> <p>17.03. Ei som vil stå konfirmant vart døypt. Ei handling som var fin å vere vitne til.</p> <p>Mange frå aust Europa feirar påskanatta då dette er ein ortodoks tradisjon. Kanskje lurt å ha dette i Øystese sidan mange av desse bur her.</p> <p>Påskedagsgudstenesta i Nhs var stor.</p> <p>Lite oppslutnad om friluftsgudstenesta på Sjusete 2.påskedag. Parken er meir tilgjengeleg for alle, mogleg at ein skal vurdere å flytte dit, evt. til Mikkjelsflaten (på baksida).</p> <p>Bornas påskefest var bra, trass litt tekniske problem. Mange likar at program er på powerpoint.</p> <p>Føremiddagstreff: bra oppslutning.</p>

3	Søknad om leige av Øystese kyrkje til klassisk konsert i samband med Pride-arrangement 2. juni	<p>Søknaden kjem frå Fargerikt fellesskap i Kvam. Det ligg føre program, med verk av kjende, klassiske komponistar. Søkjer ønskjer at konserten finn stad i Øystese kyrkje 02.06.24.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Øystese sokneråd innvilgar søknad om klassisk konsert i Øystese kyrkje 02.06.24. Ein føreset at tilskipar held seg til «Forskrift om regler for bruk av kirkene» (https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-11-14-3325) og viser særleg til §1 og §4. I samsvar med dette føreset ein at konserten ikkje vert brukte til ideologiske framstøytar verbalt eller visuelt i form av flagg og andre symbol i eller kring kyrkja. Ein viser elles til Kyrkja i Kvam sin kontrakt med tilskiparar av konserten, som vil vere Fargerikt fellesskap i Kvam ved dagleg leiar Signe Holst-Larsen.</p>
4	Diakoniplanen – arbeid med testamentarisk gave og retningslinjer	Det kom forslag om å laga ein liten komite frå soknerådet som kan sjå på diakoniplanen. Ein kan få hjelp av Vetle. Desse har eit møte 30.april i bedehuset.
5	Konfirmantfesten	<ul style="list-style-type: none"> - Ansvarsfordeling/komitearbeid for festen torsdag 25.04. <p>Aina og Gunlaug er i komite. Åshild Egdetveit frå Ålvik er også med. Ein reknar 21 konfirmantar med foreldre. Ålvik sokneråd stiller med ei kake. Det vart gjort fordeling av kakelaging og innkjøp.</p> <p>Mampion lagar invitasjonar som dei skal melda seg på. Aina held kontakten med henne.</p> <p>Alle møter kl. 1700 til borddekking og tillaging. Konfirmantane og foreldre kjem til bedehuset kl. 1900.</p> <p>Kjell og Astrid leiar festen. Musikk v/Kjell Arne og Ruben.</p>
6	Kvalitetssikring av oppgåver neste månad	14.05. Krølletreff kl.1700. Hilde og Aina er med. Bryna Opedahl er kontaktperson. Kjell skriv tilbake.

	<p>Eventuelt Ein treng ein representant frå sokneråda i tilsetjingsprosessen kring soknepreststillinga.</p>	Soknerådet godkjenner at Ida Lindø er representant for sokneråda Øystese/Ålvik i tilsetjinga til sokneprestestillinga.
	Konsertserien i juni-august	Ulf har kome langt med å skaffe musikarar. Truleg på onsdagar (frå 12.06.). Pause i juli før ein startar opp att i august. Me lyt få ei liste frå Ulf med datoar slik at ein kan skrive seg på med tanke på billettsal osv.
	Søknad om stønad frå ungdomskoret	Dette tek ein på maimøtet.
	Brudebiblar	Utgift på 5-6000. Skal ein fortsetje med dette? Ulike syn i rådet. Det var forslag om å gjere det likt som i andre sokn. Me gjer ikkje vedtak i dag.
	Sparebanken vest	Soknerådet ynskjer å søkja til sparebanken stiftinga om hjartestartar. Styret i saniteten vil dekkje resten.
		Møtet vert avslutta med "Vår far".